

NotatDato: 06.10.2015
Arkivsak: 2014/19309-8
Saksbehandlar: ashsand

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Nye Ferjeanbod - framdrift

Fylkesrådmannen viser til sak 2014/19309-3 i fylkesutvalet 29.01.2015 med framdriftsplan for anbudsutsetting av dei nye ferjekontraktane. Administrasjonen er godt i gang med utforming av anbudsgrunnlaget, men kartlegging av finansielle støtteordningar og dialog med desse organisasjonane har teke noko lenger tid enn først antatt. Ettersom slik finansiering er avgjerande for korleis kontraktane og anbuds konkurransen vert lagt opp, er det naudsynt å skyve på tidspunktet for kunngjøring av anbuds konkurransen.

Fylkesrådmannen arbeider derfor etter denne framdriftsplanen:

Dialogkonferanse med bransjen	11. des. 15
Samferdselsutvalet	14. jan. 16
Fylkesutvalet	28. jan. 16
Kunngjøring Doffin rutepakke 1 og 4	Februar 16
Kunngjøring Doffin rutepakke 2 og 3	Mars 16
Tilbudsfrist rutepakke 1 og 4	Juni 16
Signering rutepakke 1 og 4	November 16
Tilbudsfrist rutepakke 2 og 3	November 16
Signering rutepakke 2 og 3	Februar 17

Alle sambanda i rutepakke 1 startar opp 1. januar 2020 med unntak av sambanda Krokeide – Hufthamar og Husavik – Sandvikvåg som skal starte opp 1. januar 2018. Austevollsambanda hadde allereie i den første framdriftsplanen den kortaste oppstartperioden. Utsetjinga av kunngjeringa gjev fleire månader utsetjing av signering av desse sambanda på grunn av avvikling av sommarferie i løpet av anbudsprosessen. Dette gjer at vinnande operatør berre vil ha 14 månader frå kontraktsignering til oppstart.

Fylkesrådmannen ønskjer å sikre at ein kortare oppstartsperiode ikkje blir til hinder for gode miljøløysingar og nybygg for desse to sambanda. Ein foreslår difor at operatør ved tilbod om nybygg gis rett til å nytte midlertidig(e) fartøy i perioden 01.01.18 – 01.01.20. I så tilfelle vil kravet om redusert utslepp av CO2 først bli gjort gjeldande frå 01.01.20. I møte mellom Samarbeidsrådet i Sunnhordland og Skyss 28.09.2015 bad Austevoll om at denne type løysing vart vurdert.

Fylkesrådmannen vil leggje fram sak i januar 2016 om hovudelementa i konkurransegrunnlaget, herunder rutetilbod, fartøykrav, tildelingskriterier, utsleppskrav og sanksjonssystem.